

EIN KRABBAVALS

Melodi: Ein sommarvals av Johannes Kleppevik

"GUTTA" dei samlast på hølmen
Torsdag da e' krabbafest
Dar kjeme Kår'n me spele
"Gavlen" han leggje te lanns.
Ka ska me syngja? spør Ole
Då seie adle i kor:

Ref.:
Ein krabbavals
da vil me ha
då vette me so gla.
La la la la la la la la
la la la la la la

Monge frå "GUTTA" dei kjeme
Lokto tå krabbe e' nok
Ole han lika å styra
me krabbe og sjeta og slikt
Ja, eg ska sei me hatt sommar
Hausten han e vel på veg

Ref.:

Ole han slite me tio
Grisla me teine på si
Då e da fint kan du skjøna
endla ein dag vera fri
Ta seg ein krabbe i nauste
Preika om gammalt og nytt

Ref.:

No e da moro i nauste
timana strekk ikkje te
Majen e fylt opp me krabbe
Datta va verkeleg gøtt
Men så e turen te endes
Då syngje adle i kor:

Ref.: